

Viser til konsesjon søknad frå Statkraft saksnummer 202211253 Mauranger 2.

Som rettighet havar i dag over garden 57/4 i Kvinnherad.

Knut-Inge Øvrehus
Austrepollen 230, 5476 Mauranger.

I forbindelse med konsesjonssøknad frå Statkraft ang Mauranger 2, vil eg komma med følgande fakta påstandar.

- 1 Eigar av 57/4 har aldri selt sine fallrettigheter i elva 57/8 Austrepollelva og andre fall og vann rettar.
- 2 Det finst ikkje kontrakt eller kvittering for kjøp av dette fallet. Det som føreligg er ei kontrakt som handelsmann Gitle Gausvik v/ I/S Mauranger har signert, men heimelshavar den gang på 57/4 var Samson Gitlesen Øvrehus som aldri signerte. Dei andre bruka selte sin rett til elva og fekk betalt.(Tidsrom 1912-1918)
- 3 Skiens fjord kommunale kraftverk fekk heimel på 57/8 i 1956 på eit falskt grunnlag. Grunneigar på 57/4 vart ikkje varsla om at SKK skulle få heimel. Det vart sagt at dei tok det på hevd. »Der SKK og I/S Mauranger hadde vore eigarar og brukar i over 20 år.» Dette er direkte løgn. Det vart ikkje selt noko fall frå 57/4 og ikkje hadde dei brukt fallet eller elva før NVE starta stasjonen i 1974. Verken Skagerak energi eller Statkraft kan legge fram underliggende dokumentasjon på at denne heimel har føregått riktig.
- 4 Det vart skjønnt på 1970- talle der saken kom opp, det viste seg at mange av dokumenta som førelegg ikkje vart lagt fram for skjønnsretten den gangen. Saken vart seinare tatt opp i 2019. Retten ville ikkje ta stilling til kven som var eigar av fallet , men hevda at eigar av 57/4 hadde vert for passiv og avviste saka. Dette på tross av at skjønnsretten (1970) hadde gjort mykje feil i prosessen og Statkraft hadde ikkje noko bevis for å hevda å vera rettmessig eigar. Statkraft kom med eit tilbod på fall og gjerde

erstatning, men summen var ikkje i nærleiken av fallet verdi. Spurte Statkraft korleis dei hadde kommet fram til den erstatninga? Det ville dei ikkje svare på, og det var ikkje noko me hadde med, var svaret. Så takka nei til tilbode, med bakgrunn i at erstatninga skulle vera det som garden 57/4 hadde rett på.

- 5 I forhold til det som allereie er utbygd i Mauranger så meina eg at NVE bør sette det som eit vilkår at Statkraft gjer opp for manglande fallerstatning og gjerdeerstatning langs Austrepollrelva til 57/4. I NVE sine retningslinjer, vist eg forstått det rett, skal det ikkje skal gjevast konsesjon dersom rettane til fall ikkje er klare? Legg ved referat frå styre møte mellom SKK å NVE og styre sak møte i SKK. Der dei er fullt klar over at dette fallet på 57/4 Øvrehus ikkje er erstatta. (sjå vedlegg)
- 6 I forhold til Mauranger 2. Etter det 57/4 har erfaringar med til no er tilliten lav eller ikkje eksisterande overfor Statskraft. Det blir derfor vanskelig å gå i noko forhandlingar om det som Mauranger 2 har i sine planar. Mykje av dette vil føre gå på garden 57/4 både i fjellet og ved kraftstasjon/ rigg område. Som tidligare nemnt må Statkraft gjera opp for fallerstatning mm dei bruker i dag av 57/4 for å bygge opp tillit til forhandlingar på Mauranger 2.
- 7 I 2014 sendte eg ein protest ang Statkraft ville ta det som blir kalla Såfossen. Dersom den faller inn under Statkraft sine planar no, er det heilt uaktuelt. Såfossen gjer at det er liv inne i dalen, som gjer at det er beiteland for dyr. Fossen og vatne frå den er truleg vann kjelda til heile bygda, samt Statkraft. Fossen har sitt utspring frå fleire små kjerne ved Bukkaspelvatn. Søre del av Insta Bukkaspelvatnet og vatnet sørom samt Såfossen tilhøyrar 57/4.
- 8 Det er og nokre små vatn med elvar som heiter Floetjørnane, disse ligg mellom Mysevatn og Blådalsvatn. Noko av dette vatnet renn ned i Bagdalsvatnet og vidare til Mysevatn. Samtidig som noko renn ned i det som blir kalla Urabotn og til Mysevatn. Statkraft vil føre alt dette vatne til Blådalsvatnet for å utnytta større fall høgde. Dette vil få negative påverknad på vegetasjon i Urabotn og Bagdalen. Dette er eit svært bra beiteområde, som

ved tørre somrar blir ubrukelig. Alle disse vatna som er omtala i punkt 7-8 er 57/4 eigar av.

- 9 Staten pålegg utbyggjarar om å lage konsekvensutgreiing. Dette er som regel ein omfattande jobb som kostar både tid og pengar. I dette tilfelle som er i Austrepollen er det to store statlege aktørar , Statskraft og Statens vegvesen, som har store anleggsplanar. Begge aktørane har eller vil utarbeida ein konsekvensutgreiing kvar for seg for sine planar. Kva er ein konsekvensutgreiing vert dersom ein ikkje bruker den til noko positivt? Ingenting! Tenk om disse to aktørane kunne samarbeid og kjørt anleggsperiode samtidig? Det ville ført til halvparten så lang anleggs tid og bygda ville fortare komme til normalen. Eg driv med kyr på garden no, drifta må sannsynleg reduserast i anleggsperioden, dersom det ikkje blir noko samkøyring på anlegget vil vel drifta bli lagt ned.
- 10 Avslutningsvis vil eg sei at eg er for vann kraft utbygginga, men det må gjerast på ein ryddig måte og at den som blir skadelidande får si erstatning. Dette bør vera eit klart vilkår før anleggs periode startar opp.

Mvh
Knut-Inge Øvrehus.

Austrepollen 06.07.2022